



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

Varsel om mogeleg gjenopptaking av saka - Alver kommune - gbnr. 325/161 167 m.fl. - klage på reguleringsplan for Fossesjøen, varsel om mogleg gjenopptaking av saka

Statsforvaltaren i Vestland viser til vårt vedtak datert 14.03.2023, sak 2022/15143, der vi har stadfesta Alver kommunestyre sitt vedtak datert 19.05.2022, sak 20/160, saksnummer 067/22, der detaljreguleringsplanen for Fossesjøen gbnr. 325/161, 167 mfl. vart godkjent.

Delar av saka gjeld klage på manglande kunnskapsgrunnlag knytt til naturmangfaldet i planområdet og manglande vurdering av prinsippa i naturmangfaldslova, sjå s. 5 flg. i vårt vedtak.

Det skal gå fram av vedtaket til kommunen at dei aktuelle prinsippa i naturmangfaldlova er vurdert og kva vekt dei skal ha. Vi har vurdert at desse krava er stetta. I vedtaket vårt la vi til grunn at kunnskapsgrunnlaget var forsvarleg oppdatert, jf. naturmangfaldslova § 8, i og ved den overordna kartlegginga frå kommuneplanprosessen, og som ikkje hadde avdekt behov for nærare kartlegging området. Vi la også vekt på at det ikkje var høyringsinstansar som peika på dette i planprosessen.

Dersom kommunen har nytta andre kjelder enn dei som kjem fram gjennom plandokumenta, eller kjenner til slike av nyare dato, tek vi imot merknader om dette. Vi imøteser også andre merknader til saka, dersom detter ønskjeleg.

Vi underrettar samstundes om at klagaren, Forum for natur og friluftsliv Hordaland v/Gunvar Mikkelsen, har varsla at det vil bli sendt inn eit krav om omgjerung av saka, jf. forvaltningslova § 35 (truleg i løpet av august). Sjå vedlegg. Kravet er varsla som følgje av dei vurderingane som er gjort i andre saker som gjeld vurderingar knytt til naturmangfaldslova, handsama av Statsforvaltaren og Sivilombodet.¹

¹ Vår sak 2023/758 [Reguleringsplan for Kokstaddalen oppheva | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#) og Sivilombodet si sak 2022/3102 (vår sak 2021/4097) [Mangelfull vurdering etter naturmangfoldloven – reguleringsplan for ny fylkesveg - Sivilombudet](#).



Vi varslar med dette at vi vil vurdere å ta saka frå Fossesjøen i Alver kommune opp att til ny vurdering, jf. forvaltningslova § 35.

Vi ber Alver kommune og Forum for natur og friluftsliv Hordaland om å inngi opplysningar og merknader innan rimeleg tid, og seinast innan utgangen av august 2023.

For at saka blir så godt opplyst som mogeleg, ber vi om at eventuelle opplysningar/merknader også blir sendt i kopi til kommunen/Forum for natur og friluftsliv Hordaland. Vi vil elles ettersende kravet frå Forum for natur og friluftsliv Hordaland, når dette ligg føre.

Vi tek sikte på å gjere ei ny vurdering av saka i september.

Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleder

Ida Loftesnes Kvåle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Stadfesting - byggesak - Alver 325/161 167 m.fl. - reguleringplan for Fossesjøen
- 2 Ber om status i sak - byggesak - Alver 325/161 167 m.fl. - reguleringplan for Fossesjøen
- 3 Svar - status - Byggesak - Alver 325/161 167 m.fl. - reguleringplan for Fossesjøen
- 4 Tilbakemelding - krav om omgjerding - Byggesak - Alver 325/161 167 m.fl. - reguleringplan for Fossesjøen
- 5 Tilleggsinformasjon og varsel om omgjeringsbegjæring - Alver 325/161 167 m.fl. - reguleringplan for Fossesjøen
- 6 Sivilombudet Uttalelse Detaljregulering for Nye Veavågen skole - klageinstansens prøvingsplikt og betydning.pdf
- 7 Klage på vedtak fra Statsforvalteren i Rogaland som gjelder detaljregulering for Nye Veavågen skole i Karmøy kommune.pdf

Kopi til:

VEST-LAND-EIENDOM AS	Nøstegaten 56	5011	BERGEN
ARD AREALPLAN AS	Damsgårdsveien 135	5160	LAKSEVÅG

Mottakerliste:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	Tverrgaten 4	5017	BERGEN